



"Atskana" kjem til Uskedalen og Kvinnherad i april/mai. Her er dei i aksjon på heimebane i april i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ved månedsskiftet april/mai kjem eit topp-kor frå Riga-området til Kvinnherad der "Røyserett for alle" har vertsrolla, opplyser Svein Rimestad til uskedalen.no
Torsdag kveld vart han attvald som leiar for Kvinnherad-koret som har Uskedalen som "base".



Dirigent-møte i Riga: Maria Malmsten og Ginta Peterson. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kora i dei baltiske landa har ein svært høg kvalitet. Dette koret heiter "Atskana" som betyr "Ekko" og "Røyserett for alle" vitja koret i april i fjor som eit ledd i 20-årsmarkeringa si. Det held til i utkanten av hovudstaden Riga og imponerte kvinnheringane stort både med omsyn til song og dans. Truleg blir også dansetroppen med i 50-setersbussen til Noreg, som kjem hit 30. april og dreg att 4. mai.



Skrivar Anne Bogegård les årsmeldinga under årsmøtet til "Røysterett for alle" i Herøysund.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dansetroppen har ein utruleg presisjon medan koret stiller opp med eit svært fyldig spekter av stemmer, men med sopranane på topp. Dirigent i "Røysterett for alle" Maria Malmsten karakteriserer songen deira som naturleg, organisk og levande.

Under uttakinga til den nasjonale korfestivalen sist sommar vart koret nummer fem av alle kora i Riga-området med 43 av 50 poeng og det seier ikkje lite.

Ellers har "Røysterett for alle" hatt eit svært travelt jubileumsår. Skrivar Anne Bogegård karakteriserer i den utradisjonelle årsmeldinga si aktivitet og innsats som formidabel. Årsmeldinga konkluderer ho med at koret ikkje hadde makta dette året utan Uskedalsenergien. Og adventskonserten i Kvinnherad kyrkje var av ein slik karakter at ein bibellærd kvinnhering meinte Martin Luther ville snudd seg i grava si!

Bogegård ser også framover og skriv at "i mai/juni får vi storframandt frå Riga og Sotra og då skal kystbygda Uskedalen som osar av energi få bryne seg". Det nye året lokkar også med songarstemne i Haugesund der "eit kjekt mannskor ventar med eit festleg program".

Ellers i styret sit Steinar Naterstad som nestleiar, Oddveig Rørvik som kasserar og Venke Vetrhus som styremedlem. Repertoirnemda består av Jan Ove Olsen, Oscar Langballe, Oddbjørg Bjørke og Sylvi Hjelmeland. I økonominemda finn ein Gunvor Myklebust, Kåre Vetrhus, Ester Mørstad, Kjell Sigbjørn Røssland og Brit Hallaråker.

Rekneskapan for 2008 viste driftskostnader på 146.651 kroner og driftsinntekter på 141.861 kroner. Største inntektsposten var "diverse arrangement" med 48.267 og største utgiftsposten "dirigent" med 50.963..

Av Ola Matti Mathisen



Svein Rimestad er attvald som leiar for "Røysterett for alle" (Foto: Ola Matti Mathisen)